



Referat

Strategisk samarbeidsutval (SSU) - møte 3/2025

Tid:	Torsdag 16. oktober 2025, kl. 09–12
Møtestad:	Alrek helseklynge, møterom Tarlebø
Møteleiar:	Eivind Hansen (Helse Bergen), leiar av SSU
Til stede:	<p>Kommunehelsetenesta: Gro Kalvenes (OU bergensregionen, vara for Johnny Breivik), Ingvild Kirsti Hjelmtveit (OU Nordhordland), Solrun Hauglum (OU Voss), Trond Egil Hansen (OU Bergen)</p> <p>Spesialisthelsetenesta: Eivind Hansen (Helse Bergen), Janiche Buanes Heltne (Betanien sykehus), Kjerstin Fyllingen (Haraldsplass Diakonale Sykehus), Linn Dale Bergsma (Helse Bergen), Randi-Luise Møgster (Helse Bergen)</p> <p>Brukarrepresentantar: Evy Knutsen (brukarrepresentant, spesialisthelsetenesta)</p> <p>Fastlegerepresentant: Gunn Mali Steen Sund</p> <p>Observatørar med tale- og forslagsrett: Eystein Hauge (kommuneoverlege, deltok digitalt), Hilde Ystanes (KS), Kristin Cotta Schönberg (Statsforvalteren, fylkeslege i Vestland)</p> <p>Samarbeidssekretariatet (SSE): Anne Kvalheim (Helse Bergen), Elena Sandgathe (Haraldsplass Diakonale Sykehus), Eva Kristin Nordnes (OU Nordhordland), Inga Larsdottir Søreide Holmås (OU bergensregionen), Kenneth Nodeland (OU Bergen), Reidun Braut Kjosås (OU Voss lokalsjukehusområde)</p>
Forfall:	Belén Birkenes (OU Bergen), Bjørg Merete Hjallen (tillitsvald, Legeforeningen), Bjørn Sivertsen (brukarrepresentant, kommunane), Johnny Breivik (OU bergensregionen), Theresa Dang (ungdomsråd, spesialisthelsetenesta), Trude Hjortland (SSE, Helse Bergen)
Referent:	SSE



Nr.	Sak
22/25	<p>Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå førre møte</p> <p>Godkjent.</p> <p>Det ble meldt ei sak til eventuelt.</p>
23/25	<p>Status handlingsplan</p> <p>Orientering ved SSE.</p> <p>Nye punkt på handlingsplanen sidan sist:</p> <ul style="list-style-type: none">– Fagleg samarbeidsutval (FSU) for rehabilitering: Dei fleste representantane er på plass, og utvalet er snart klart for oppstart.– Korleis helsefelleskapet skal førebu seg på å handtere krig? Sjå også sak 33/25 lenger nede.– Prosjektet Samhandlingsmodell digital heimeoppfølging (SDHO) er kome i gang med arbeidet og hadde første møte i styringsgruppa i september. <p>Innspel til handlingsplan:</p> <p>Særavtale (til tenesteavtale 11) om legemiddelberedskap er ikkje ein revisjon, men ein ny avtale. SSE skal endre teksten.</p>
24/25	<p>Fastlegerepresentasjon – forslag frå fastlegane om ny møteplass og endringar i retningslinene</p> <p>Orientering ved Knut-Arne Wensaas (fastlege i Bergen kommune og fastlegerepresentant i fleire utval) og Gunn Mali Steen Sund (fastlege i Alver kommune og fastlegerepresentant i fleire utval).</p> <p>Fastlegane foreslår at:</p> <ul style="list-style-type: none">– Det blir etablert ei fastlegegruppe som har faste møte– Fastlegegruppa får i oppgåve å foreslå fastlegar til ulike utval– Det blir oppnemnt 1 fastlegerepresentant med vara til SSU og OU-ane– Det blir oppnemnt 2 fastlegerepresentantar til FSU-a, fortrinnsvis ein frå Bergen og ein frå ein annan kommune



	<p>Sjå vedlagt presentasjon, der det er nærare beskriving av forslaga.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Viktig og godt forslag som bidreg til å styrkje fastlegerepresentasjonen– Omfattande forslag som er ressurskrevjande både økonomisk og tidsmessig– Dersom fastlegar er ønskja i helsefelleskapet, må det også bli lagt til rette for deltaking– Eiga gruppe med fastlegar bør bli etablert, med vurdering av tal møte, møteform (digitalt/fysisk) og lengd på møta.– Éin representant i kvart fagutval (FSU) er tilstrekkeleg – ikkje to. Vara bør ikkje vere møtande.– Vara bør vera inkludert i fastlegegruppa, elles blir det utfordrande å fylle rolla på ein god måte <p>SSU la vekt på at det er viktig å leggje til rette for god fastlegerepresentasjon i helsefelleskapet, men det var ikkje konsensus i møtet og det blei ikkje fatta vedtak i saka.</p> <p><i>Videre oppfølging:</i></p> <p>SSU ber fastlegane og SSE om at det blir arbeida vidare med forslaga basert på innspela frå møtet, og at dette blir lagt fram ein ny sak i neste SSU-møte (10. desember).</p>
<p>25/25</p>	<p>Utkast til retningsline for brukarrolla i helsefelleskapet</p> <p>Orientering ved Evy Knutsen (brukarrepresentant, spesialisthelsetenesta).</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Dette er viktig for å sikre god brukarmedverknad i helsefelleskapet– Det er nødvendig å etablere ei gruppe for brukarrepresentantar for at denne rolla skal fungere. <p>Det kom eit konkret endringsinnspel til nest siste setning i punkt 4 i forslaget:</p>



	<p>Det bør stå «<i>Gruppa bør velje ein leiar og nestleiar høvesvis frå dei to forvaltningsnivå</i>», for å klargjere at det berre er tenkt éin leiar og éin nestleiar.</p> <p><i>Vedtak:</i></p> <p>SSU vedtek retningslina slik ho ligg føre, med ei mindre presisering om leiar og nestleiar (sjå innspel frå møtet).</p>
26/25	<p>Driftsbudsjett for helsefelleskapet – rammer og prinsipp</p> <p>Orientering ved SSE.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Det er positivt at kostnadene blir gjort synlege – då får vi betre oversikt over kva kostnader vi faktisk har– Innspel frå OU Voss om driftsbudsjett kan omfatte heile helsefelleskapsstrukturen med unntak av områdeutvala? Fleire tok til orde for at dette ikkje var ei føretrekt løysing. OU Voss vil vurdere saka vidare, men stiller seg bak den avgjerda helsefelleskapet kjem fram til– Viktig å ta høgde for eit eventuelt driftsbudsjett i samband med planlegginga av neste års budsjett hos partane– Specialisthelsetenesta må samsnakkast om fordelingsnøkkel. Kommunane på si side må også bli samde om ein fordelingsnøkkel– Dersom helsefelleskapet ønskjer modell med fast beløp og fordelingsnøkkel, bør det faste beløpet vera høgare enn forslaget i møtet (5000kr.) <p><i>Videre oppfølging:</i></p> <p>SSE førebur ei sak til møtet i desember, basert på innspela frå dagens møte.</p>
27/25	<p>Forslag til reviderte søknadskriterier for rekrutterings- og samhandlingstilskot</p> <p>Orientering ved Trond Egil Hansen (Bergen kommune), leiar av søknadskomiteen.</p>



	<p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Det vert sannsynlegvis mindre midlar å fordeling neste år (ref. forslag til statsbudsjett). Prosjekt X vil sannsynlegvis få øyremerka midlar frå sentralt hald– I OU-runden kom det innspel om at òg små kommunar må nå fram med sine prosjekt. Svar frå leiar av søknadskomiteen: Dette er noko komiteen også har vore oppteken av, og i dei reviderte kriteria er det teke ut ei formulering som kunne ha vore ekskluderande– Det er viktig at prosjekt som er «på god veg» og som viser gode resultat, blir prioritert og får støtte vidare. Prosjekt med potensial bør òg bli prioritert for å få moglegheit til å kome i mål. Prosjekt som ikkje har reelt potensial til å lukkast, bør avsluttast <p><i>Vedtak:</i></p> <p>Strategisk samarbeidsutval stiller seg bak tilrådinga frå søknadskomiteen og vedtek dei nye søknadskriteria.</p>
<p>28/25</p>	<p>Kompetanse, personell og oppgåvedeling i helsefelleskapet – oppfølging etter OU-runden</p> <p>Orientering ved SSE.</p> <p>Innspel i møte:</p> <ul style="list-style-type: none">– Ønskje om ei kort og overordna kartlegging– Ønskjer skisse til framdriftsplan med løypemelding i desembermøtet– Spørjeskjemaet frå Sogn og Fjordane helsefelleskap kan nyttast som eit utgangspunkt, men med tilpassingar til vårt område.– Det er viktig å samle og systematisere dei tala vi allereie har– Det har vore gjennomført ei landsomfattande kartlegging med kommunane om korleis dei leverer helse- og omsorgstenester som tek i vare dei grunnleggjande behova til heimebuande eldre. Denne hausten har Statsforvaltaren i Vestland i tillegg gjennomført tilsyn med 3 kommunar. Tilsynsrapportane er ikkje klare. Det er planlagt eit felles digitalt tilsynsmøte med alle kommunane i Vestland for gjennomgang av resultatata frå kartlegginga. Dette møtet vil vera gjennomført før neste SSU-møte 10. desember.



	<ul style="list-style-type: none">○ Varetaking av grunnleggande behov hos eldre som bur heime Helsetilsynet○ Kommunene tar kvalitet i tjenester til hjemmeboende eldre på alvor Helsetilsynet <p>Sjå vedlagt sluttrapport frå Sogn og Fjordane helsefelleskap.</p> <p><i>Vedtak:</i></p> <p>SSU ber partane som ønskjer å delta i arbeidsgruppa om raskt å melde inn representantar til SSE, slik at arbeidsgruppa kan starte opp arbeidet.</p> <p>SSU ber vidare om at arbeidsgruppa legg fram ei løypemelding i SSU-møtet i desember, saman med ei oppdatert tidslinje.</p>
<p>29/25</p>	<p>Førespurnad frå NAV Vestland om deltaking i Helsefelleskapet i bergensområdet</p> <p>Orientering ved Eivind Hansen og Randi-Luise Møgster.</p> <p>Det vart drøfta kva rolle NAV eventuelt skal ha i helsefelleskapet med tanke på dialogen mellom sjukehus og kommunar.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Dersom NAV blir tatt inn i strukturen, kan det bidra til eit meir heilskapleg pasientforløp– Tilgangen til kompetanse og arbeidskraft finst òg i NAV-aksen.– NAV har innsikt og kompetanse innan sjukefråvær– Opplever at fleire aktørar ønskjer å delta i strukturen Utdanningsinstitusjonane deltek i SSU ein gong i året. Kan ei liknande løysing vera aktuell for NAV?– Det blir òg spelt inn at NAV Hjelpemiddelsentral bør vurderast som deltakar, eller eventuelt bli representert gjennom NAV Stat <p><i>Vidare oppfølging:</i></p> <p>SSU ber SSE førebu ei sak til neste SSU-møte der ulike alternativ blir vurdert:</p>



	<ol style="list-style-type: none">1. NAV deltek på eit årleg møte. Tilsvarande modell som for utdanningsinstitusjonane.2. NAV blir invitert inn i SSU som fast observatør.
30/25	<p>Løypemelding samhandlingsprosjekt</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– SSU takkar for det gode arbeidet som er gjort så langt, og har samtidig forventingar til vidare framdrift og måloppnåing– Løypemeldingane og framdrift i prosjekta vil bli tillagt vekt ved nye tildelingar– Det blir sannsynlegvis mindre pengar til fordeling i 2026 (ref. forslag til statsbudsjett) <p><i>Vedtak:</i></p> <p>SSU tek løypemeldingane til orientering.</p> <p>SSU ber SSE sende ei samla tilbakemelding til alle prosjekta, basert på innspela frå dagens møte.</p>
31/25	<p>Partnerskapsmøtet 2026 – innspel til program</p> <p>Orientering ved SSE.</p> <p>Det blir sendt invitasjon til helseministeren og ny leiar for helse- og omsorgskomiteen på Stortinget. Programmet for partnerskapsmøtet må tilpassast svara frå desse to.</p> <p>Det var semje om at representantar som deltek på vegne av partane i områdeutvala også vert invitert til partnerskapsmøtet (som i fjor).</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none">– Presentasjon av samhandlingsprosjekt og kanskje prosjekt X– Prioriteringar i helsetenesta<ul style="list-style-type: none">○ Prioriteringsrettleiar: Prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester.– Synleggjering av dilemma (utfordringar, prioriteringar, administrasjon – politikk)



	<ul style="list-style-type: none">○ Kommuneperspektiv○ Sjukehusperspektiv– Helsereformutvalet sitt mandat – korleis samhandlingsmodellen fungerer i praksis, med vekt på administrasjon, prioritering og vidare utvikling.– Viktig å engasjere deltakarane i møtet. Paneldebatt eller liknande har fungert godt tidlegare år. <p><i>Vedtak:</i></p> <p>SSU vedtek programmet for partnerskapsmøtet i desember møtet (10.des)</p>
32/25	<p>Årleg brev til nasjonale myndigheiter – tema og forankring</p> <p>Dersom ein skal senda eit årleg brev, må det vere kort og presist, og ta opp i seg tema som står høgast på dagsordenen for helsefellesskapet. Det blir føreslått at brevet bør innehalde to til tre punkt som er særleg viktige for at helsefellesskapet skal oppnå resultat og sikre framdrift.</p> <p><i>Vedtak:</i></p> <p>SSE utarbeider eit utkast i dialog med leiar og nestleiar i SSU, og legg fram utkastet i neste SSU-møte.</p>
33/25	<p>Korleis skal helsefellesskapet planlegge for å handtere krig? Forslag til organisering av vidare arbeid</p> <p>Orientering frå arbeidsgruppa ved Kristine Lillebø (Bergen kommune) og Brit Pedersen (Helse Bergen, deltok digitalt). Sjå vedlagt presentasjon.</p> <p><i>Vedtak:</i></p> <p>SSU tek saka til orientering og ber om at utkast til særavtale vert lagt fram på neste møte i SSU.</p> <p>SSU ber om at arbeidsgruppa utarbeider forslag til vidare langsiktig arbeid.</p>



34/25	Orientering frå partane <i>Helse Bergen:</i> <ul style="list-style-type: none">– Prehospital plan er vedteke. Det vil ta noko tid å setje i verk planen, gitt dei økonomiske rammene. Alternativ 2 – prehospitalt bygg i Bergen – vart vedteke.– Psykisk helsevern for framtida: Forløpstankegangen blir knytt til arbeidet. DPS-prosjektet om samlokalisering av døgnpost har levert si innstilling. Det må sjåast til risikovurderinga for å vurdere om denne samsvarer med innstillinga. <i>Bergen kommune:</i> <ul style="list-style-type: none">– Prosjekt om tildeling og utmåling av tenestene er framleis under arbeid. Ingen av tiltaka ser førebels ut til å ha direkte betydning for spesialisthelsetenesta.
35/25	Eventuelt <i>Orientering om status i PLL-prosjektet:</i> <p>Det er utfordringar i utrullinga sidan dei ulike EPJ-systema gir ulik grad av støtte til løysinga. I dei nye journalsystema som skal innførast, må ein sørgje for at dei støttar dei nasjonale systema. Det er viktig å velje løysingar som er kompatible med dei systema vi allereie bruker.</p> <p>Det går føre eit nasjonalt pilotprosjekt for PLL, og det blir arbeidd med eit kravspesifikasjonsdokument som grunnlag for vidare implementering.</p>